



«Det moderne gjennombrøtet» i lærarskulen

Ibsen-lesing hjå Tromsø-seminaristar

«The modern breakthrough» in a teacher training college

Tromsø students reading Ibsen

Narve Fulsås

Professor ved Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi, UiT Noregs arktiske universitet

Dr.philos. 1994

narve.fulsas@uit.no

Samandrag

I motsetning til den utbreidde oppfatninga om at «det moderne gjennombrøtet» i den skandinaviske litteraturen møtte motstand og fiendskap, syner opplagstal at Henrik Ibsens *Et dukkehjem* (1879), eit av dei sentrale gjennombrøtsverka, blei hans største salssuksess, og at boka nådde nye grupper av lesarar. Eit rikt materiale frå lærarutdanninga i Tromsø gjer det mogleg å følgje Ibsen-lesinga der i noko detalj, frå dei fyrste innkjøpa i 1866 til byrjinga av 1880-åra. Som ein kyrkjekontrollert, konservativ institusjon lét seminaret vere å kjøpe inn mykje av den moderne litteraturen, men dei kjøpte nesten alt av Ibsen, til og med *Et dukkehjem*. Det omstridde familiedramaet blei Ibsens gjennombrøt som elevlesing og skapte større interesse også for hans eldre titlar. Skulebibliotekets fyrsteutgåve av *Et dukkehjem* er bevart, og lesarkommentarane i margane syner at boka blei lesen på ein meir «engasjert» og «deltakande» måte enn dei Ibsen-titlane som var skulepensum.

Nøkkelord

Ibsen, det moderne gjennombrøtet, lesehistorie, bokhistorie, lærarutdanning, skulehistorie, seminar

Abstract

Contrary to the widespread notion of hostility towards «the modern breakthrough» in literature in Scandinavia, Henrik Ibsen's *A Doll's House* (1879), a centerpiece breakthrough play, was his greatest commercial success and the play reached new groups of readers. Rich material from the teacher's training seminar in Tromsø allows us to study the reading of Ibsen in some detail from the first purchases in 1866 until the beginning of the 1880s. Being a church-controlled, conservative institution, the seminar library kept much of «modern» literature out of its collection, but they bought almost every new Ibsen title, including *A Doll's House*. The controversial family drama became Ibsen's breakthrough in student reading and also spurred interest in his older titles. The seminar library's first-edition copy of *A Doll's House* still exists and readers' annotations show that it was read in a more enthusiastic and impassioned way than Ibsen titles that became part of the curriculum.

Keywords

Ibsen, The modern breakthrough, history of reading, book history, teacher training, school history

I Henrik Ibsens *Gengangere* (1881) les vi i introduksjonen til fyrste akt at det ligg bøker, tidsskrift og aviser på bordet i fru Helene Alvings hagestove. Pastor Manders sjekkar titlane medan han ventar på fru Alving, og blir ubehageleg overraska: «Hm, – ja så!» På spørsmålet hans om «hvordan kommer *de bøger her?*», svarar fru Alving at ho les dei, og at «jeg får ligesom forklaring og bekræftelse på mangt og meget af det, jeg selv går og tænker mig». Pastoren vil ikkje eingong opne dei – «Jeg har læst tilstrækkeligt om disse skrifter for at misbillige dem» – men vedgår at han heller ikkje kan klandre henne for å ville gjere seg kjent «med de åndelige strømninger, som efter sigende foregår ude i den store verden».¹

Scenen blei eit bidrag til å forme inntrykket av ein bastant kristen-konservativ motstand mot den samfunnskritiske, «europæiske» litteraturen som slo gjennom i Skandinavia rundt 1880. Georg Brandes gav i 1883 namn til den litterære bølga med boktittelen *Det Moderne Gjennembruds Mænd*. Med *Gengangere* var han redd Ibsen hadde gått for langt, men han var begeistra over den refererte scenen og sikker på å lese sitt eige hovudverk inn i han: «Han støtter mig meget ved dette Stykke. Og det er da 'Hovedstrømningerne', Damen læser.»² Heilt sidan Brandes har kontrovers og konservativ motstand vore sentrale tema i den kulturelle forteljinga om det moderne gjennombrøtet. Gunnar Ahlström hevda i si kanoniserte *Det moderna genombrottet i Nordens litteratur* at dei moderne forfattarane ikkje fann nokon resonans hjå sitt heimlege publikum, og at i Noreg var «kampen mot radikalismen» særleg prega av «kristet kulturforsvar».³ Heller ikkje i Danmark var tida mogen, meinte Sven Møller Kristensen; den moderne litteraturen kom tjue år for tidleg.⁴

Opplagshistoria til Henrik Ibsen, sentralfiguren i det moderne gjennombrøtet, syner likevel ei heilt anna historie, nemleg ei historie om samanhengande vekst i bokmarknaden hans gjennom 1850-, -60- og -70-åra, fram til det kulminerte med *Et dukkehjem* i 1879 (fig. 1). *Et dukkehjem* måtte trykkjast i fire opplag på til saman 13 500 eksemplar det fyrste året; deretter stabiliserte fyrsteopplaga av nye bøker seg på 8000–10 000 før eit nytt sprang frå midten av 1890-åra. Med samtidsdramatikken greidde altså Ibsen å nå nye lesargrupper. Forleggjaren Fredrik V. Hegel melde at han hadde sendt *Et dukkehjem* til danske provinsbyar som aldri tidlegare hadde synt noka interesse for litteratur.⁵

Det er likevel ikkje lett å identifisere dei nye lesarane. Studiar av bokhandlararkiv, der ein kan følgje dei som hadde råd til å kjøpe bøker, viser at Ibsen heldt på mange av sine velstående borgarlege lesarar inn i 1880-åra, medan det ikkje er så lett å få auge på nye grupper.⁶ Det er grunn til å tru at desse ikkje minst kom frå den nye og veksende middelklassa, og særleg frå grupper med ikkje-akademisk utdanning, slik som lærarane. Frå lærarseminaret i Tromsø er det bevart innkjøpslister og utlansprotokollar og ein del av boksamlinga. Til saman gjer dette det mogleg å følgje utlån, og til dels også lesing, i detalj nettopp hjå denne gruppa. Her skal eg ha hovudfokus på Ibsen og sjå på utlånshistoria hans i seminaret frå 1860-åra og fram til den moderne samtidsdramatikken hans rundt 1880. Sidan lærarutdanninga på denne tida var under kyrkjeleg kontroll, kan seminaret på same tid fortelje oss om synet til pastor Manders på den moderne litteraturen var einerådande der.

1. Ibsen 1881.

2. Brandes 1940.

3. Ahlström 1947/1973: 219, sjå også 11, 65, 215, 257, 263, 265.

4. Kristensen 1945/1970: 205.

5. Fulsås & Rem 2018: 112.

6. Hansen 2017; Hansen & Purtoft (under utg.).




Fig. 1: Ibsen-bøker: Trykte eksemplar første 12 måneder.

Kjelde: *Henrik Ibsens skrifter*, bd. 12k–15k: *Innledninger*. Oslo: Aschehoug, 2005–10.

Seminar og seminaristar

Ibsen-lesinga ved seminaret i Tromsø må plasserast både i ein allmenn utdanningshistorisk og i ein særskilt Tromsø-kontekst. Lærarutdanninga i nord var den fyrste heilt offentlege her i landet, og starta på Trondenes i 1826. Der blei vilkåra etter kvart vanskelege, og i 1848 flytte seminaret til Tromsø. Frå 1859 var det opptaksprøver, og elevane kunne kome inn på tre ulike vilkår. «Alminnelege vilkår» innebar at ein fekk dekt om lag halvparten av utgiftene ved internatet mot ei plikt til å tene sju år i skulen i Tromsø bispedøme. Dei som ville lære seg samisk, fekk «friplass» med alle utgifter dekte og med fem års tenesteplikt i dei språkblanda «overgangsdistrikta» – «med det særlige formaal at bibringe lapperne og kvænerne kyndighed i norsk». ⁷ Dette var med andre ord eit sentralt instrument i den «fornorskingspolitikken» som staten slo inn på overfor samar og kvenar frå 1850-åra. Endeleg var det nokre elevar som tok utdanninga til sjølvkost, og som stod fritt etterpå. ⁸

7. Qvigstad 1901: 27.

8. Bang 1909: 90; Jensen 2015: 17–39.

I 1870-åra kunne søkinga variere mykje, med alt frå 30 til opp mot 80 søkjarar som konkurrerte om 24–25 plassar. Skulen var attraktiv på grunn av støtteordningane. Frå 1869 var det fri konkurranse og sterk auke i søkinga sørfrå, med særleg mange frå Møre. I 1878 blei det teke opp 28 elevar. Fordelte etter den kyrkjelege inndelinga var det ti frå Tromsø stift, ein frå Agder, to frå Hamar, to frå Nidaros og tretten frå Bjørgvin.⁹ I heile perioden 1875–82, som vi ser særleg på her, var det mange vestlandsstudentar. Elevane var i all hovudsak bondeungdom; seminaret var lenge ved sida av underoffiserskulen den einaste utdanningsvegen ut over folkeskulen som stod open for bondegutar. Fyrste kvinne blei teken opp etter særskilt søknad i 1886. Fyrst med den nye folkeskulen frå 1890 blei lærarutdanninga opna for kvinner.

I Tromsø fekk seminaret ny bygning nord i byen i åra 1865–67 – byen hadde då litt over 4000 innbyggjarar. Med internatet var dei to åra på lærarskulen som eit klosterliv. Seminaristane gjekk helst ikkje åleine ut i byen. Gutane i Nordbyen slengte «grautmonka» etter dei, medan latinskuleelevane frå byens overklasse såg ned på dei som halvstuderte røvarar.¹⁰ Dei møtte sosial arroganse jamvel frå sine eigne lærarar. Anton Christian Bang, som var frå ein fiskarbondedefamilie på Helgeland, og som seinare blei professor i teologi, kyrkjeminister i ei høgreregjering og biskop i Kristiania, gjekk ut frå seminaret i Tromsø i 1860. Han skriv om Christian Kaurin, som seinare var styrar, at når han greidde å setje dei fast med vanskelege spørsmål, braut han ut: «Ja, der sidder dere med lærde Miner og skjønner ingen Ting!» Ein gong Bang, som den einaste, kunne greie ut om forskjellen på dei klassiske greske søyletypene, var einaste ros: «Nei se ham der, hvor han er forfærdelig lærd!»¹¹

Skulestrid

Seminaret stod under embetsmannskontroll og kyrkjekontroll enno i 1870- og 1880-åra. Skuleloven av 1860 innleidde den gradvise overgangen frå konfirmasjonsskule til allmenndannande skule, men kristendomskunnskap var det største faget ved seminaret i heile perioden 1869–90.¹² «At religion og religiøs uppseding var hovudsak, segjer seg sjølv», skriv ein av elevane frå 1870-åra.¹³ Styrarane og lærarane var nesten alle teologar og dei fleste prestar. Tidlegare sokneprest i Kautokeino, Fredrik Waldemar Hvoslef, var styrar 1857–61, før han blei stiftsprost og frå 1868 biskop i Tromsø. Christian Kaurin overtok 1861–71; han var deretter sokneprest i Kistrand og fleire stader sørpå før han blei dosent i samisk ved universitetet. Etterfølgjaren, J.A.H. Killengreen (1871–77), var også utdanna teolog og blei seinare skuledirektør. Etter han kom sokneprest i Vadsø, Christian August Christophersen, før den lange perioden til cand.theol. og «lappolog» Just Knud Qvigstad 1883–1920.

Dette teologiske hegemoniet kom under press i takt med styrkinga av stortingsopposisjonen. I 1870- og 1880-åra stod det skarp strid både om innhaldet i og ikkje minst om styringa av allmugeskulen. Stortingsopposisjonen ville ha ei utdanning som førebudde for det borgarlege samfunnet og for politisk deltaking, og dei ville erstatte prestestyre med «folkestyre». Midt i 1870-åra stod Bjørnson i spissen for åtaka på kristendomsfaget: Det burde heilt ut av skulen, meinte han, og prestane burde ikkje ha noko som helst med skulen å gjere. Motstand mot kristendomsundervisninga var gjerne motivert av omsyn til trua, som når grundtvigi-

9. Barlindhaug 1926: 88.

10. Dahl 1976: 59.

11. Bang 1909: 95, 97.

12. Barlindhaug 1926: 44.

13. Næss 1926: 150.

anarar ville få bort pugginga av Pontoppidans katekisme for å gje plass til ei «levande» kristendomsundervisning. Men dei kyrkjeleg-konservative såg åtak på kristendomsfaget som eit åtak på skulens fundament. Å redusere kristendomsfaget kunne opne for «den moderne Vantro» og ein skule som tok sikte på å «opdrage Verdensborgere og ikke Kristne». I debattane om ny byskulelov i 1879 og 1880 blei «kyrkjeskule» og «folkeskule» stilt direkte opp mot kvarandre, og dei konservative var no ikkje i tvil om at Venstre ynskte å rive skulen laus frå kyrkja. For regjeringa blei det avgjerande å prøve å styrke statens kontroll mot Venstres krav om samfunns- og foreldrekontroll. Eitt ledd i dette var eit framlegg i 1881 om å forlengje seminar kurset frå to til tre år, og samtidig opprette eigne seminar for kvinner. Etter at regjeringa hadde nekta å sanksjonere stortingsfleirtalets framlegg til ny skulelov, svarte Venstre med å avvise alle framlegg frå regjeringa. I den aktuelle situasjonen såg dei utvida seminar som eit forsøk på indirekte å styrke statens kontroll med folkeskulen, slik at staten fekk endå rikare høve til «at forvandle vore Bondegutter til kunstige Produkter av dansk-tysk Tillavning». ¹⁴ Då maktskiftet var eit faktum i 1884, sette Venstre straks i gang det store reformarbeidet fram mot «folkeskulelovane» av 1889.

Med prestekontrollen over lærarutdanninga og den politiske striden som stod om denne, ville ein vente at seminara på ingen måte var særleg mottakelege for den norske samtidslitteraturen med Bjørnson og Ibsen i spissen. I Tromsø ser det likevel ut til at nettopp den religiøse konteksten var med på å opne inngangen for Ibsen, og at han gav Ibsen ein posisjon som var nærast urokkeleg også då han frå slutten av 1870-åra slo inn på den samtidsdramatiske syklusen som blei hovudbidraget hans til det moderne gjennombrøtet.

Litteratur og religionskamp: *Kejser og Galilæer*

Kjeldematerialet etter seminarbiblioteket i Tromsø omfattar både fullstendige tilvekstlister, slik at vi veit kva samlinga inneheldt, og utlånsprotokollar over kva som blei lånt ut, og kven som lånte. ¹⁵ Fram til 1881 er utlån førte kronologisk, med boktittel, utlåns- og innleveringsdato og namnet på lånaren, noko som gjer det overkomeleg å leite etter utlån av bestemte forfattarar og titlar. Deretter blei utlåna førte under den enkelte lånaren – og boka identifisert berre med katalognummer, ikkje tittel – noko som gjer det langt meir arbeidskrevjande å kartleggje utlånet av bestemte bøker og forfattarar, men lettare å kartleggje kva den enkelte eleven lånte. Namna i låneprotokollen kan haldast saman med, korrigerast og kontrollerast mot publiserte elevlister i eitt av jubileumsskrifta. ¹⁶ Endeleg er også ein del av boksamlinga bevart, mellom anna fleire Ibsen-bøker.

Ei viss omlegging mot «borgarlege» fag var det allmenn semje om på tvers av dei politiske skiljelinjene, og litteratur høyrde til den «dannelse» som også var med å halde oppe kyrkja. I dei nye lokala i Nordbyen i Tromsø fekk biblioteket eige rom, og i styretida til Kaurin blei innkjøpspolitikken lagd om. Biblioteket var lenge det einaste offentlege biblioteket i stiftet, men hadde «svært lite av verdifull litteratur utenom de alminnelige skolebøker. Det var derfor lite brukt av elevene og andre. Kaurin ønsket en allsidig samling ikke bare for lærerne og elevene, men også til nytte for stedets embetsmenn, og han fikk bevilgning til utvidelse». ¹⁷

Den nye politikken kan avlesast direkte i tilvekstprotokollen. I 1866 skjedde det fyrste større innkjøpet av ny norsk litteratur då biblioteket skaffa seg fire titlar av Bjørnson – *Sigurd*

14. Dokka 1967: 314–317, 331–333, 338–341.

15. Statsarkivet Tromsø, Katalog og utlånsprotokoll 1865–1876 og Katalog og utlånsprotokoll 1877–1881, Tromsø off. lærerskole, 304. Tilvekst og utlån er førte frå kvar si side i same bok; når dei møtest, er boka fullteikna.

16. Barlindhaug 1926.

17. Dahl 1976: 43.

Slembe, De Nygifte, Smaastykker og Kong Sverre – og Ibsens nye versdrama *Brand*.¹⁸ *Brand*, publisert i mars 1866, var Ibsens store gjennombrudd i den skandinaviske bokmarknaden, og Hegel måtte trykkje fire opplag det fyrste året. Det innkjøpte eksemplaret er truleg frå eitt av dei seinare opplaga sidan fyrste utlånet er mot slutten av året. Utlånsprotokollen syner at dei fyrste lånarane er toppane i det geistlege hierarkiet, og det kan tyde på at initiativet til innkjøpet også kom derifrå. 27. november 1866 lånte biskopen, Carl P. Essendrop, *Brand* og *De Nygifte*. Alt den 1. desember leverte han dei inn att, og dagen etter blei *Brand* lånt av tidlegare seminarstyrar og no stiftsprost Hvoslef, som hadde boka heilt til 18. januar 1867. Etter *Brand* kjøpte seminarbiblioteket inn nesten alle nye verk av Ibsen gjennom 1860- og 1870-åra: *Peer Gynt* (1867), *De unges Forbund* (1869), *Kejser og Galilæer* (1873), *Samfundets støtter* (1877) og *Et dukkehjem* (1879); einaste unntaket er *Digte* (1871).

Brand, *Peer Gynt* og *De unges Forbund* blei til og med 1878 lånt av berre to til fire lånarar årleg, og i 1860-åra var det enno nesten berre lærarane som lånte Ibsen. *Kejser og Galilæer* er eit fyrste vendepunkt i den lokale skuleresepsjonen i og med at Ibsen med dette verket kom inn i undervisninga. Eleven Leonhard Næss frå Beiarn, seinare sokneprest, skreiv i ettertid at læraren Sigv. Nielsen

opna ei ny verd for deim som hadde åndsaugo å sjå med. [...] makelaus var han – i minsto i mine augo – når han førde oss inn i poesiens eventyrverd. Eg kann enno levande minnast hans opplesing av fyrste akt av «Kejser og Galilæer» og tydingi av dette Ibsens største verk som nett då var utkome.¹⁹

Kejser og Galilæer blei ikkje berre dosert frå kateteret, men blei også den mest utlånte Ibsen-tittelen så langt. Fyrste lånaren var Hvoslef, som no var rykka opp til biskop, og deretter seminarlærer Anton Martinus Hagen. Men etter det var det stort sett seminaristane som lånte; mellom tre og åtte årleg gjennom 1870-åra.

Det er all grunn til å tru at konteksten *Kejser og Galilæer* blei lesen i i Tromsø i 1870-åra, var prega av kyrkjias kamp mot religiøs radikalisme. Opninga, som altså blei lese og utlagd for seminarelevane, er lagt til den romerske hovudstaden Konstantinopel, der kristne undersåttar går laus på heidningar inntil dei oppdagar at dei tilhører ulike sekter, og byrjar å gå laus på kvarandre. 1870-åras lesarar trekte med ein gong parallelar til den tidas «vakte». I september 1872, medan Ibsen enno skreiv på dramaet, vitja Georg Brandes han i Dresden, og diktaren las etter mykje press opp nokre parti for han. Brandes skreiv etterpå at hovudpersonen Julians «fråfall» frå kristendomen delvis skuldast at han var tiltrekt av heidensk mystisisme, delvis «Raseriet over hans Hustrus Forhold til Jesus, hun hører til den Tids hellige Fanatiserede, Jesus er hendes Brudgom etc. Julian raser herover».²⁰

«Hellige Fanatiserede» var ei akutt og vedvarande utfordring for kyrkja nordpå på denne tida. Kautokeino-opprøret i 1852 stod enno friskt i minnet. Hvoslef var presten som sjølv blei piska då Læstadius-inspirerte samar, oppglødde til kamp for religiøs fornying og kamp mot brennevinet, slo i hel handelsmannen og lensmannen i bygda. Bang skriv at Hvoslefs «overlegne og taktfulde Holdning under de religiøse Udskeielser i Kautokeino omgav ham i vore Øine med en straalende Glorie». Bang og medelevane var tiltrekte av vek-

18. Katalog og utlånsprotokoll 1865–1876, nr. 456–460.

19. Næss 1926: 151.

20. Brandes 1994: 18.

kingsrørslene, skriv Bang, men hadde i Hvoslef «en Veileder, der magtede at opklare vort Syn og lede os ind paa kirkelige Spor, idet han aabnede vore Øine for Betydningen af den objektive Side ved Kristendommen og Aandens Gjærning gennem Kirkens Naademidler». ²¹

Utfordringa mot kyrkja hadde midt i 1850-åra nådd stiftsstadene sjølv. Det som skjedde i Tromsø, var direkte inspirert av det som skjedde i Ibsens fødeby Skien. Der la presten Gustav Adolph Lammers ned embetet og danna ei frikyrkjeleg forsamling. Mellom tilhengjarane til Lammers var Henrik Ibsens syster Hedvig og bror Ole og ei rekkje andre av Ibsen-familiens gamle kjente. I Tromsø kom dei fyrste utmeldingane i mai 1856. Universitetsteologen Gisle Johnson reiste nordover for å halde bibellesingar og få kontroll med teksttolkinga. Men i 1857 kom også Lammers til Tromsø, der han verka eit års tid hjå dei utmelde. ²²

Då spørsmålet om permanente lokale for seminaret kom opp på denne tida, var den religiøse uroa eit argument for at Tromsø kanskje likevel var ein uheldig vertsby for lærarutdanninga. I 1857 skreiv stiftsdireksjonen at «Tromsø by var paa grund af de der stedfindende religiøse bevægelser for tiden ikke det sted, hvor unge menneskers aandelige udvikling bedst kunde ske stille, besindigt og ved sandhedens egen magt». ²³ Kyrkja greidde likevel å halde styr på seminaristane og innrullere dei i motstandsfronten. Forholdet mellom seminaristane og lammersianarane var spent, skriv Bang, og ein gong endte ein diskusjon om barnedåpen og statskyrkja i slagsmål. ²⁴ Men også mellom dei frikyrkjelege braut det snart ut full strid. ²⁵ I 1860 tok Lammers sjølv avstand frå det han hadde vore med på, og melde seg inn att i statskyrkja. I slutten av 1860-åra budde han i Dresden, der han hadde omgang med Ibsen, og der altså *Kejser og Galilæer* blei skriven.

Også i Tromsø kulminerte den fyrste vekkinga ved utgangen av 1850-åra, og då byggesaka kom opp att i 1862, var det ikkje lenger strid om å leggje seminaret fast til Tromsø. ²⁶ Men synet på barnedåpen heldt fram med å vere eit stridsspørsmål. I 1866 lét vesterålingen Per Widding seg gjendøype, også det i Skien, og dei neste åra døypte han fleire i Tromsø og grannesokna. Ved inngangen til 1870-åra kom det svenske baptistar til Tromsø som trekte mykje folk, og frå 1871 stod baptistane fram som eiga forsamling med snart over 100 medlemmer. ²⁷ Då *Kejser og Galilæer* kom til Tromsø, stod altså kyrkja stadig i kamp mot utbrytarar og potensielle utbrytarar. Seminaret og dei framtidige skulelærarane var ein avgjerande innsatsfaktor i denne striden, og det må vere noko av bakgrunnen for å trekkje verket inn i undervisninga.

Det inneber ikkje at skulen nødvendigvis greidde å halde styr på elevanes lesing. Mellom dei få elevane som tidleg lånte *Kejser og Galilæer*, i februar 1874, var Ananias Brune frå Volda; det ser ut til å vere den fyrste Ibsen-boka han lånte. Truleg las han også det store verket sidan han etter å ha hatt det ein månads tid, heldt fram med å låne både *Brand* og *De unges Forbund*. Brune blei seinare ein sentral læstadiansk forkynnar i Vadsø og Hammerfest. Læstadianarane braut aldri med kyrkja, men Kautokeino-opprøret kom lenge til å hefte ved dei, og i 1885 blei Brune suspendert frå lærarstillinga på grunn av strid om truedkjen-

21. Bang 1909: 94.

22. Andresen 1994: 198–214; Aschim 2008: 89–94; Ytreberg 1946: 466–482.

23. Siter i Qvigstad 1901: 18.

24. Bang 1909: 97–98.

25. Haave 2017: 179–183.

26. Qvigstad 1901: 19.

27. Ytreberg 1946: 622–623.

ninga.²⁸ Suspensjonen blei oppheva etter fire år, og etter hundreårsskiftet var Brune sentral også i verdslig styre og stell.²⁹

I alle høve er innkjøpa av fleire Ibsen-titlar og bruken av *Kejser og Galilæer* vitnemål om at Ibsen var solid etablert embetsmannslitteratur, og at han kunne mobiliserast for kyrkjeleg-konservative formål. Dette hadde avgjerande betydning for kva han kunne tillate seg, og kva lesarane var villige til å akseptere.

***Et dukkehjem*: det moderne gjennombrøtet i Tromsø**

Frå 1870 til 1877 varierte talet på årlege utlån av Ibsen-titlar mellom fem (1872) og femten (1876) (fig. 2). Deretter kjem det ein sterk vekst i 1878 (29), 1879 (45) og 1880 (62). Veksten i 1878 skuldast endå fleire utlån av *Kejser og Galilæer* (8) enn dei føregåande åra, og at det nye stykket, *Samfundets støtter*, var populært heilt frå det blei tilgjengeleg, med to utlån i slutten av utgjevingsåret 1877 og sju utlån i 1878, alle til seminarelevar. For dei andre titlane er det tale om ein vekst i utlån på frå to til tre og fire i 1878, altså enno små tal. Veksten i 1879 skuldast derimot veksande interesse for alle dei eldre titlane, inkludert *Kærlighedens komedie*, som blei innkjøpt i 1873, og *Hærmændene på Helgeland*, som blei innkjøpt i 1876, men nesten ikkje utlånt før 1879.




Fig. 2: Ibsen-utlån frå Tromsø seminarbibliotek 1866–1881.

Kjelde: Statsarkivet Tromsø, Katalog og utlånsprotokoll 1865–1876 og do. 1877–1881, Tromsø offentlige lærerskole, boks 304.

Det nye spranget i 1880 kan eintydig knytast til *Et dukkehjem*. Boka kom ut i desember 1879, og fyrste utlånet i seminarbiblioteket er registrert alt 10. januar 1880, då 22-årige Johan P. Bjørkan frå Vardø lånte Ibsens ferske og sterkt omdiskuterte skodespel, før 19-årige Peder

28. Larsen 2017.

29. Grepstad 2011/2019.

Øie frå Ulstein («Ulfstein») overtok boka fire veker seinare. Deretter var boka nesten kontinuerleg på utlån dei neste to åra, med 16 utlån i 1880 og 10 i 1881, og nesten berre til elevar. Ingen andre nye Ibsen-titlar hadde vekt slik umiddelbar interesse. Av dei tidlegare nye bøkene hadde *Brand* og *Peer Gynt* vore utlånt fire gonger dei fyrste to åra etter innkjøp, *Kejser* og *Galilæer* sju gonger, *Samfundets støtter* tolv gonger, medan *Et dukkehjem* altså blei utlånt 26 gonger i sine fyrste to biblioteksår.

Samtidig var det i 1880 og 1881 større interesse også for nesten alle dei andre Ibsen-titlane, med sju til ni utlån på kvar tittel. Vi kan dermed slå fast at det var *Et dukkehjem*, Ibsens mest radikale og «moderne» stykke så langt, som gjorde han til allmenn seminaristlesing. Fram til 1876 hadde eit mindretal av elevane lese Ibsen. Frå 1877 til 1880 voks andelen av Ibsenlesarar frå ein tredjedel til rundt halvparten av årskulla, medan i kullet som blei uteksaminert i 1881, hadde over 80 prosent av elevane lånt Ibsen-bøker i skuletida (fig. 3).




Fig. 3: Ibsen-lånarane som del av uteksaminerte kull ved Tromsø lærarseminar 1868–1881.

Kjelder: Statsarkivet Tromsø, Katalog og utlansprotokoll 1865–1876 og do. 1877–1881, Tromsø offentlige lærerskole, boks 304; K.J. Barlindhaug, *Tromsø offentlige lærerskole i 100 år*. Tromsø: Peder Norbye, 1926, 98–103.

Eit tilsvarande sprang i Ibsen-lesing er ikkje så tydeleg i Tromsø kommunebibliotek. Det var oppretta i 1871 og gav dei leseinteresserte i byen eit alternativ til seminarbiblioteket. Her var det rundt 30 utlån av Ibsen-titlar både i 1878, 1879 og 1880. I 1880 var det ikkje større pågang på *Et dukkehjem* enn på andre titlar, og med berre seks utlån var det nokre opphald mellom kvart.³⁰

Trass i få lånarar i kommunebiblioteket vekte *Et dukkehjem* stor merksemd i Tromsø. Det var heftige debattar om stykket over heile Norden, men den lengste avisdebatten var truleg den som gjekk i *Tromsøposten*,³¹ som på denne tida hadde ein radikal profil.³² Debatten

30. Tromsø kommunearkiv, Utlansprotokoll 1873–1881, Tromsø kommunale bibliotek, boks 1014.

31. Halvorsen 1892: 62.

32. Christensen 2010: 347.

starta med eit innlegg tidleg i januar av Olinus Nyhuus, overlærer ved Tromsø offentlige skole, der han forsvarte at Nora gjekk frå familien. Han fekk svar frå sokneprest og stiftsprost Chr. Dons, seinare redaktør av *Adresseavisen* i Trondheim. Dons argumenterte for at Nora handla forkasteleg, og debatten dei imellom heldt fram i lange innlegg over 14 nummer heilt til uti mars.

I midten av mai kom teaterselskapet til danske Chr. W. Foght til Tromsø med *Et dukkehjem*. Det var fyrste gongen eit profesjonelt selskap turnerte så langt nord. *Tromsø Stiftstidende* meldte 20. mai 1880 at huset hadde vore overfylt, ikkje fordi folk ville sjå noko dei hadde høyrte om i avisene, men fordi dei alt hadde lese stykket:

Publikum mødte talrigt frem; thi ogsaa her længtes man efter at se de allerede ved Læsning saa kjendte Personer træde levendegjorte frem paa Scenen. [...] Rummet langs Væggerne var fyldt, og mange var, for bedre at kunne se, gaaet frem i Midtgangen mellem de to Bænkerader, hvor de var til Gene for nogle af de længere bag siddende.

Etter Tromsø reiste Foght vidare til Hammerfest. Der gav selskapet hans fire førestillingar, med mellom anna danske farsar og ein fransk operette på repertoaret. Det var dårleg oppmøte, klaga lokalavisa, med eitt unntak: *Et dukkehjem*. Også i Hammerfest trekte Ibsen fullt hus.³³

Det er nok tvilsamt om seminaristane gjekk mannjamt i teateret. I alle tilfelle må det også ha vore andre grupper som hadde nådd å gjere seg kjent med stykket før Foght kom nordover. I og med at dei ikkje kjem til syne i det kommunale biblioteket, må mange av dei ha vore kjøparar og utgjort ein del av det veksande provinspublikummet som Hegel også oppdaga i Danmark. Merksemda i Tromsø viser dessutan kor integrert heile den nordiske marknaden no var, og at tidsavstanden mellom «sentrum» og «periferi» langt på veg var utjamna. Enno kunne kommunikasjonane gjere det vanskeleg å nå alle byar på same tid, men dette var ikkje lenger noko som blei akseptert som før. I november 1881 skreiv bokhandlar Wilhelm Holmboe i Tromsø til Gyldendal at han hadde lese i avisene at det skulle kome eit nytt verk av Ibsen, «Gengangere», og eit nytt av Kielland, «Else». Til vanleg, klaga han, kom slike bøker til han fyrst to–tre veker etter at dei hadde vore til sals i Kristiania. Konsekvensen var at fleire kundar tinga boka med posten frå Kristiania, før desse gjekk på lån mellom kjente og skada salet frå hans eigen bokhandel.³⁴ Telegraf, aviser og dampskip hadde synkronisert skandinavisk litterær tid.

Kvifor kjøpte seminarbiblioteket inn ei bok som presteskapet måtte ut og debattere i avisene? Vi veit lite om innkjøpa og innkjøpspolitikken. Seminaret ser ut til å ha handla bøker hjå Holmboe,³⁵ men vi veit ikkje korleis innkjøpa blei bestemte, eller kven som bestemte. Det vi kan slå fast, er at seminarbiblioteket dreiv ein restriktiv innkjøpspolitikk, og at det var langt meir selektivt enn det kommunale biblioteket overfor den radikale litteraturen i 1880-åra. Det kommunale biblioteket kjøpte inn eit vidt spekter av skandinaviske gjennombrotsforfattarar ved sida av Bjørnson og Ibsen, som Alexander L. Kielland, Kristian Elster, Arne Garborg, Georg og Edvard Brandes, Herman Bang, J.P. Jacobsen, Henrik Pontoppidan, August Strindberg, Ernst Ahlgren (Victoria Benedictsson) og Anne Charlotte

33. Berg 2008: 355.

34. Det kongelige bibliotek København, W. Holmboe, Brev til Gyldendal, 10/11 1881, Gyldendalarkivet B.3. Forlagsbreve kps. 175.

35. Statsarkivet Tromsø, Regnskapsprotokoll 1873–1897, Tromsø off. lærerskole, 166.

Leffler. Dei mest kontroversielle titlane, som Strindbergs *Giftas*, Bangs *Haabløse Slægter*, Ibsens *Gengangere*, Garborgs *Mannfolk* eller Amalie Skrams *Constance Ring* tok dei ikkje inn, men dei kjøpte til dømes alt av Kielland heilt frå debuten, inklusive sterkt embetsmannskritiske titlar som *Arbeidsfolk* og *Else*.³⁶ Det kosta pengar å låne – 6 kroner og 40 øre i året eller 1 krone og 60 øre i kvartalet³⁷ – og det kan hende at låneavgifta avgrensa lesarkrinsen sosialt og kulturelt på ein slik måte at dei meinte dei kunne drive ein relativt liberal innkjøpspolitikk. Det kan også hende at innkjøpspolitikken i det kommunale biblioteket var meir Venstredominert enn han var i seminaret. Det var styret, oppnemnt av formannskapet, som skulle stå for innkjøp, men dette kunne skje i samarbeid med bibliotekaren. Frå 1871 til 1885 var latinskulelærer Torkild Olsen Fosse, ein av dei leiande venstremennene i Tromsø, bibliotekar.³⁸

I innkjøp av samtidslitteratur til seminarbiblioteket i 1880-åra er det, ved sidan av Ibsen, Jonas Lie som skil seg ut. Lie budde i Tromsø i barndomen, og debutarbeidet *Den Fremsynte* frå 1870 etablerte han som «nordlandsdiktar». Året etter debuten var han attende i barndomsbyen, der han blei feira med festmiddag og ball.³⁹ Seminaret kjøpte inn om lag alle bøkene hans etter kvart som dei kom ut. Lie gjekk frå å vere politisk konservativ i 1870-åra til liberal i 1880-åra, men litteraturen hans var lite omstridt. «Jonas Lie er en kjær Ven», sa den spydige Knut Hamsun, «som besøger os hvert Aar og underholder os med Fortællinger, naar Lampen brænder om Aftenen. Hans Psykologi er jævnt god, og han har et Humør som en snil Onkel.»⁴⁰ Bjørnson var derimot ute av seminarbiblioteket i mange år, truleg på grunn av sine religiøse og politiske haldningar. Han var altså den fyrste av dei nye forfatarane som blei kjøpt inn, saman med Ibsen, i 1866. Deretter blei han regelmessig innkjøpt til og med *Magnhild* i 1877, ein ekteskapsroman der hovudpersonen går frå mannen sin, to år før Nora. Viktigare enn ekteskapskritikken i *Magnhild* var det kanskje at Bjørnson i oktober 1877 heldt føredraget «Om at være i Sandhet», som innleidde brotet hans med kristendomen. No stoppa innkjøpet av nye Bjørnson-titlar opp i nesten 20 år; einaste unntaket er *Geografi og Kjærlighed* i 1885. I åra 1892–94 blei det kjøpt inn ein del titlar frå den mellomliggjande perioden, som *Kongen* (1877), *Leonarda* (1879), *En Hanske* (1883) og *Over Ævne* (1883), men ikkje før 1895–96 blei innkjøp av nye Bjørnson-titlar teke opp att. Kielland, som debuterte i 1879, blei ikkje representert i seminarsamlinga før i 1892–93, då dei skaffa seg nokre av dei fyrste bøkene hans: debutsamlinga *Novelletter* (1879) og romanane *Garman og Worse* (1880) og *Skipper Worse* (1882). Av Garborgs romanar fanst berre *Bondestudentar* (1883) inntil slutten av 1890-talet. Knut Hamsun kjøpte dei berre éin tittel av i 1890-åra, *Redaktør Lyngø*, utgitt i 1893 og innkjøpt i 1895, trass i Hamsuns tilknytning til Nordland.⁴¹

Ibsen heldt seminarbiblioteket derimot fram med å kjøpe nesten alt av. Som ein kunne vente, finst ikkje *Gengangere* (1881), som har referansar til både fylleorgiar, syfilis, incest og bordell, og heller ikkje *Rosmersholm* (1886), der ein av dei mørke trådane er at Rebecca West har hatt eit seksuelt forhold til det som sannsynlegvis er hennar biologiske far. Men elles tok dei inn alt. Med *Et dukkehjem* kan seminaret ha forsømt seg og oppdaga for seint kva slags stykke det var, men dei har likevel ikkje trekt den sterkt etterspurte boka frå samlinga. Brevet

36. Tromsø kommunearkiv, Tilvekstlister 1875–1888, Tromsø kommunale bibliotek, boks 1012.

37. Ibid. *Foreløbige Bestemmelser for Udlaan af Bøger af Tromsø Kommunebibliothek*.

38. Hansen 2001: 22–23.

39. Ytreberg 1946: 642.

40. Hamsun 1960/1971: 37.

41. Statsarkivet Tromsø, Tilvekstprotokoll 1877–1918, Tromsø off. lærerskole, 300.

frå Holmboe til Gyldendal tilseier dessutan at dei burde ha kjent til innhaldet i stykket frå avisene då dei fekk det inn i samlinga. Og ikkje eingong *Gengangere* var altså nok til å framkalle eit varig brot mellom Ibsen og lærarutdanninga.

Når ein ser innkjøpspolitikken under eitt, blir det klart at ein debutant aldri ville ha kome inn i seminarbiblioteket med noko som likna *Et dukkehjem*. Dermed blir det også tydeleg kor viktig Ibsens opparbeidde litterære kapital var då han starta på syklusen av moderne samtid drama. Hamsuns forleggjar Philipsen i København skreiv i 1890 at Hamsun ikkje kunne vente noko stort sal av *Sult*:

Moderne Forfattere og deres Forlæggere er vanskelig stedt, de første skriver for et Mindretal af et i sig selv ikke stort bogkøbende Publikum. Bjørnson, Ibsen, Lie fik deres Autoritet før Publikum opdagede deres Radikalisme; de yngre maa erobre sig deres Købere, Mand for Mand.⁴²

Lesing: lærd og oppslukt

Mellom dei bevarte bøkene i seminarsamlinga er fyrsteutgåva av *Et dukkehjem* – underleg nok, sidan det er ei av dei mest slitne bøkene i samlinga og materielt sett eit makulatureksemplar.⁴³ Øvste høgre hjørnet av bibliotekomslaget er heilt borte, og overflata er sprukke opp og delvis slite av. Inne i boka er kantar og hjørne skitne og avrunda etter at tallause hender har bladd i henne, og ei rekkje lesarar har ført inn namnetrekk eller initialar og har streka under tekst og kommentert replikkar i opne mellomrom og i margane. Boka heng så vidt saman i ryggen. Det er på same tid denne slitasjen og alle desse brota på bibliotekreglane som gjev boka lesehistorisk kjeldeverdi.

Det er få andre fyrsteutgåver av Ibsen som er bevarte i samlinga, til dømes finst verken fyrsteutgåvene av *Brand* eller *Kejser og Galilæer*. Det er lite sannsynleg, ut frå det vi har sett av lånefrekvens så langt, at det skuldast at desse var endå meir utslitne enn fyrsteutgåva av *Et dukkehjem*. Av fyrsteutgåver av andre Ibsen-titlar er det elles berre *Fruen fra havet* (1888) og *Bygmester Solness* (1892) som er tekne vare på.⁴⁴ Også dei er velbrukte og merka av mange utlån, men ikkje så slitne som *Et dukkehjem*. *Bygmester Solness* er i best stand av dei to. Den har nokre understrekingar, noko *Fruen fra havet* ikkje har, og det er nesten ikkje kommentarar i nokon av dei.

Understrekingar og kommentarar er lesehistorisk interessante, men også vanskelege å bruke. Utan spesialkompetanse er det vanskeleg å skilje hendene som har skrive i *Et dukkehjem*, og identifisere kor mange dei er. Boka har ein lang bruksperiode, og kommentarane er vanskelege å datere. På sida der fyrste akt startar, er det eitt namnetrekk og éin initial: «A. Bortne 18 okt 1880» (Anders Bortne, frå Seløy på Helgeland) og «O.H. 13/12 -61». Det siste må nødvendigvis vere 1961, noko som kunne indikere at boka har vore i bruk i alle fall i 80 år. Men i 1961 ville *Et dukkehjem* også lenge ha vore tilgjengeleg i biblioteket i samleutgåver av Ibsen; den fyrste som blei kjøpt inn, ser ut til å vere den såkalla *Mindeutgave*, som kom alt 1906–07.⁴⁵ Det er også mogleg at 1961 er eit enkelt avvik og ikkje har noko med utlån å

42. Sitert i Tveterås 1964: 351.

43. UiT Noregs arktiske universitet, Universitetsbiblioteket Tromsø, Henrik Ibsen: *Et dukkehjem*, Seminarsamlinga, nr. 1010,

44. Ibid.; Henrik Ibsen: *Fruen fra havet*, nr. 1755 og *Bygmester Solness*, nr. 2100.

45. Statsarkivet Tromsø. Tilvekstprotokoll 1877–1918, Tromsø off. lærerskole, 300.

gjere. Det er 14 andre årstal i boka som lèt seg lese, og det yngste av desse er 1918. Det kan tyde på ein meir konsentrert bruksperiode på rundt førti år.


Den tidlege signaturen til Bortne kan vere ein indikasjon på at kommentarane i seminar-eksemplaret av *Et dukkehjem* òg byrja å kome tidleg. Men dette veit vi ikkje, og vi kan derfor heller ikkje vite noko om kjønnet til dei som har ytra seg om karakterane i denne kjønns-politiske klassikaren.

Det spesielle med kommentarane i *Et dukkehjem* kjem best fram ved å samanlikne med kommentarar og understrekingar i andre Ibsen-bøker som har vore lærestoff. Det ser ut til å ha vore tilfelle med *Peer Gynt*. Tiande opplaget av *Peer Gynt* kom ut i 1896, og i 1897 kjøpte seminaret inn ti eksemplar. To av desse, nummererte 2577/2 og 2577/5, er bevarte (men altså ikkje fyrsteutgåva frå 1867). Døme på den typen kommentarar som finst her, er metakommentarar om forfattarintensjonen: «Ibsen syn[er] oss det norske folks eigenskapar i *Peer Gynt*» (2577/2, 2. tittelside) og estetiske domar: «Framifrå» (ibid., s. 72), «Fint sagt!» (ibid., s. 98), «Noko av det vakraste i *Peer Gynt*, som no kjem» (ibid., s. 225). Her er intertekstuelle kommentarar: «Noko liknande er Garborg inne på i 'Haugtussa'» (ibid., s. 73) og tolkingar: «det menes skjebnen» (om Bøjgen, ibid., s. 85), «Satire over korleis dei kristne driv misjon» (ibid., s. 125), «Den grønnkledde er en mands fortid som en aldri kan løpe ifra» (2577/5, s. 103). Til s. 257–258 er kommentaren nesten identisk i dei to eksemplara: «En av de vakreste replikker i boken. Per når til selverkjennelse» (2577/2). I det eine eksemplaret står det nedst på siste side to gonger i to ulike hender: «Hill deg du Ibsen!» (2577/5). I *Peer Gynt* er altså kommentarane medierte av undervisning og lærdom, dei er verk- og forfattar-orienterte, og dei er kommentarar til lesing av ein klassikar.

Kommentarane i *Et dukkehjem* er heilt annleis og døme på det Toril Moi kallar «opp-slukthet» og «identifikasjon»: «Her handler det ikke om å forlange at leseren stadig vekk må huske at hun er en leser i forhold til en tekst, men om å la seg rive med.»⁴⁶ Det er tilløp til kamp mellom lesarane, til dømes på side 159, der det til replikknamnet «Nora» er lagt til «er en satanos»⁴⁷ og ei anna hand har protestert: «Det er ikke sant!» Men i hovudsak identifiserer dei kommenterande lesarane seg sterkt med Nora. Det skjer mellom anna gjennom understrekingar, utropsteikn og «NB». Der *Peer Gynt* har det lett distanserte «fint sagt», har *Et dukkehjem* fleire «Bravo!». Ikkje minst er det mange negative kommentarar til Helmer-replikkar: «En kujon som andre mænd!» (s. 157), «En stor stut», «Grusom mand» (s. 159), «Skurk» (s. 160), «aa, du egoistiske mand, du er dig lik» (s. 161), «Jeg får kvalme» (s. 162), «det gjør alle mænd» (s. 166) og fleire liknande. Kommentarane er konsentrerte mot slutten av stykket, med det store oppgjeret mellom ektefellene. På siste side har fleire hender skrive oppå kvarandre, den tydelegaste er: «Dette var en kvinde. Saadan skulde alle være!» (s. 180). Det er ein viss språkleg forskjell på kommentarane her og i *Peer Gynt*. I *Peer Gynt* er mange kommentarar på landsmål, men det gjeld ingen i *Et dukkehjem*, så langt det lèt seg avgjere. Tradisjonelt var lærarane typisk rekrutterte frå bygdene og lærarinnene frå byane; språk-forskjellen kan dermed indikere at i alle fall ein del av kommentatorane i *Et dukkehjem* er kvinner, og desse kommentarane må i så fall vere yngre enn 1890.

46. Moi 2017: 24.

47. Jf. Bang 1901–02: 709: «Jeg tvinger og maner eder, I 8 Helvedes Fyrster, som er: Lucifer, Belsebub, Astarot, Satanos, Stubis, Deis, Janus, Dracus Bilial ...».



III. 1: *Et dukkehjem* med lesarkommentarar

UiT Noregs arktiske universitet, Universitetsbiblioteket Tromsø, Seminarsamlinga nr. 1010.

Igien må vi understreke problema med dette materialet; vi kan til dømes ikkje gå ut frå at den lesinga som kjem til syne i kommentarane, er representativ. Men vi kan slå fast at måten å kommentere på er forskjellig, og at denne forskjellen i det minste avdekkjer eksistensen av ulike lesemåtar. Det er eit klart verdihierarki mellom desse. Å lese oppslukt, skriv Moi, «har hatt liten status i akademia, ikke minst fordi den virker så lite *profesjonell*. (Hvorfor skal vi studere litteratur i mange år for å bli oppslukt? Det klarte vi jo alt som barn.)»⁴⁸ Det som har sosial status, er intellektuell estetisering og ei distansert, intertekstuell tilnærming til litteratur og annan kunst; måten å lese på er like viktig som kva ein les. Ein slik verdiskala ligg også bak ei vanleg nedvurdering av Ibsens strev etter å skape ein realistisk illusjon.⁴⁹ I 1882 skreiv Ibsen til ein teatersjef om *En folkefiende*: «Tilskueren skal føle sig som om han var usynlig tilstede i doktor Stockmanns dagligstue; alt må her være virkeligt.»⁵⁰ Dei oppslukte lesarane av *Et dukkehjem* har tedd seg slik, som om dei var usynleg til stades hjå ekteparet Helmer, og slik sett ikkje tenkt over at dei berre las eit kunstverk.

Vi kan sjå dette også på ein annan måte, som etablering av lesarautonomi. I kommentarane til *Et dukkehjem* er både forfattaren og utdanningsinstitusjonen heilt fråverande; lesarane har gjort sine eigne liv og erfaringar til den einaste relevante lese- og vurderingskonteksten. Samtidig har dei etablert eit førestilt fellesskap med andre lesarar. Gjennom «spon-

48. Moi 2017: 24.

49. Moi 2006: 35–63.

50. Ibsen 1882.

tane» kommentarar til karakterane i stykket, og kommentarar til kommentarane, har dei med dette eksemplaret av *Et dukkehjem* etablert ein fellesskap av lesarar uavhengig både av forfattaren og skulen.

Ingen av dei andre Ibsen-titlane ser ut til å ha vore brukt slik. Ibsen skulle snart slå inn på ein annan poetikk og gjere stykka sine kompliserte, mangetydige og vanskelege. Dei trekte igjen merksemda mot seg sjølve. Medan sluttkommentarane i *Et dukkehjem* var om hovudpersonen Nora, er sluttkommentaren i *Fruen fra havet*, den einaste kommentaren i boka, ei ærbødig hylling av den djupe og eviggyldige forfattaren: «Ibsen! Du store stille sjel [...], der gransker livets store gaader. Dit minde leve, selv naar aartusinder dækker din grav!»

Andre lærarskular

Studiet av seminarbibliotek kan ikkje svare direkte på spørsmålet om den veksande marknaden for Ibsen-bøker: Dette var jo lånarar, ikkje kjøparar. Likevel viser dette materialet eit klart «gjennombrøt» i ei sentral middelklassegruppe – framtidige lærarar – og det må kunne lesast som ein indikasjon på at middelklassegrupper også utgjorde ein tilvekst til det bokkjøpande publikummet.

Men kor representativt er Tromsø-materialet? Det er vanskeleg å seie, men vi kan supplere med eit par stikkprøver. Christianssands stiftsseminarium hadde, ifølgje ein katalog frå 1895, *Et dukkehjem* i samlinga. Katalogen er altså frå eit seinare tidspunkt, men eksemplaret av *Et dukkehjem* er ei fyrsteutgåve og må vere kjøpt inn tidlegare. Den eldste tittelen i katalogen er ei *Brand*-utgåve frå det femte opplaget i 1868, og katalogen tyder ikkje på at seminaret i Kristiansand kjøpte inn nye Ibsen-titlar etter som dei kom ut, slik som i Tromsø. *Peer Gynt* er oppført med eksemplar frå 6.–8. opplaget frå 1886–91 og *Kejser og Galilæer* med eksemplar frå 3. og 4. opplag i 1880 og 1892. Dei einaste fyrsteutgåvene er *Digte* frå 1871, deretter altså *Et dukkehjem* i 1879, så *En folkefiende* i 1882 og *Lille Eyolf* i 1894. Her manglar ikkje berre *Gengangere* (1881), men også alle dei andre Ibsen-stykka mellom 1882 og 1894.⁵¹ Eventuelle fyrsteutgåver av *Brand* og *Peer Gynt* kan ha vore så slitne at dei var kasta i 1895, men det er lite truleg at det forklarar fråværet av Ibsen-bøker frå 1880- og 1890-åra. Til gjengjeld hadde dei i Kristiansand fleire Bjørnson-titlar frå etter 1877 (medan dei heller ikkje her kjøpte inn Kielland). Om dette skal tolkast som ein preferanse for Bjørnson framfor Ibsen, så kan det kanskje forklarast med at Holt seminarium, forgjengaren til lærarutdanninga i Kristiansand, tidleg hadde markert seg med ein grundtvigiansk profil. Bjørnson hadde vore ein av dei fremste offentlege representantane for liberal grundtvigianisme, og dette kan ha hatt verknader utover Bjørnsons oppbrøt frå kristendomen i 1877.

Frå eit anna seminar, lærarskulen på Hamar, finst det meir materiale i form av katalog og utlånsprotokoll, noko som gjer det mogleg eit stykke på veg å samanlikne meir direkte med Tromsø.⁵² Katalogen, der innkjøp kan følgjast til 1885, syner at på Hamar var Ibsen-politikken heller meir liberal enn i Tromsø. På Hamar var det heller ikkje noko stopp i Bjørnson-innkjøp, og dei skaffa seg dei fyrste Kielland-titlane fram til *Garman og Worse*. Av Ibsen kjøpte dei ikkje berre *Et dukkehjem*, men faktisk også *Gengangere*, sjølv om dei ser ut til å ha venta eit års tid og skaffa seg *Gengangere* saman med *En folkefiende* i 1882. Dessverre er

51. *Katalog over Christianssands stiftsseminariums bibliothek. August 1895*. Christianssand S: Søndenfjeldske Aktie-trykkeri 1895, 26.

52. Høgskolen i Innlandet, Hamar, Protokol for Udlaan af Bibliotheket ved Seminariet i Hamar 1868[–1877]/Fortegnelse over Bibliothekets Bøger, der haves til Udlaan [1868–1885].

det ikkje mogleg å føre samanlikninga vidare fordi utlånsprotokollen her berre går fram til 1877. Dermed kan vi ikkje sjå om det er det same sterke oppsvinget i utlån kring 1880 som det vi fann i Tromsø.

Innkjøpspolitikken i Hamar er på visse måtar meir overraskande enn i Tromsø. Den fyrste styraren på Hamar var Nils Hertzberg. Han var frå 1873 ekspedisjonssjef i Kyrkjedepartementet, frå 1882 kyrkjeminister i C.A. Selmers regjering og i 1884 dømt av Riksretten. I Ibsen-samanheng er han kjent som den som av slo å gje Sigurd Ibsen dispensasjon frå kravet om andreeksamen for å byrje på universitetet, noko som i 1880 fekk diktarfaren til å love at «[d]en sorte theologiske bande, som for tiden råder i det norske kirke departement, skal jeg ved lejlighed sætte et passende literært mindesmærke».⁵³ Pastor Manders i *Gengangere* har ofte vore sett som Ibsens måte å innfri den lovnaden på. Etter Hertzberg overtok Oluf Saxe, midt i ei tid då lærarskulen låg i skarp strid med den grundtvigianske og Bjørnson-allierte Sagatun folkehøgskule. Saxe kom på Stortinget i 1880, der han var med å grunnleggje Høgre. I hans fråvær styrte Jørgen Jørgensen, også han teolog som sine to forgjengarar.⁵⁴

Materialet frå desse lærarskulane viser altså lokal variasjon, men alt i alt passar det ikkje heilt inn i den kulturradikale forteljninga om det moderne gjennombrotet. Lærarskulane var enno i 1880-åra kyrkjeleg-kristne kulturinstitusjonar og ein del av «embetsmannsstaten», og det var mykje av gjennombrotslitteraturen dei ikkje kjøpte inn. Men Ibsen, den mest sentrale av dei alle, stod sterkt både i Tromsø og på Hamar, og alle dei tre undersøkte biblioteka kjøpte inn sjølv «gjennombrotsstykket», *Et dukkehjem*. Materialet frå Tromsø syner også at her var det med samtidsdramatikken at Ibsen slo gjennom som elevlesing. Ein konservativ institusjon la altså til rette for at framtidige lærarar, ei sentral gruppe i Venstre-koalisjonen, skulle bli kjent med eit hovudverk i det moderne gjennombrotet. I skulen var det derimot dei eldre historiske skodespela saman med *Brand* og *Peer Gynt* som lenge var einerådande; ei skuleutgåve av *Et dukkehjem* kom ikkje før i 1951, sytti år etter utgjevinga.⁵⁵ Det gjorde til gjengjeld at dei komande lærarane lenge kunne lese Ibsens kjønnsdrama friskt og «naivt», utan vørndnad for forfattaren og kunstverket, men med resonans i sine eigne erfaringar og med sterk identifikasjon med Nora.

Takk til Anders Aschim, Henning Hansen, Marianne Kaldager, Maria Purtoft, Tore Rem og to anonyme fagfellar for kommentarar til manuskriptet og hjelp med kjeldemateriale.

Litteratur

- Ahlström, G. (1973). *Det moderna genombrottet i Nordens litteratur* (utgjeven fyrste gong 1947). Stockholm: Rabén & Sjögren.
- Andresen, A. (1994). *Handelsfolk og fiskerbønder, 1794–1900. Tromsø gjennom 10 000 år*, bd. 2. Tromsø: Tromsø kommune.
- Aschim, A. (2008). *Ein betre vår ein gong. Elias Blix*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bang, A.C. (1901–02). *Norske Hexeformularer og Magiske Opskrifter*. Kristiania: Jacob Dybwad.
- Bang, A.C. (1909). *Erindringer*. Kristiania: Gyldendal.
- Barlindhaug, K.J. (1926). *Tromsø offentlige lærerskole i 100 år*. Tromsø: Peder Norbye.

53. Ibsen 1880.

54. Løtveit 2017: 32–44.

55. Rekdal 2004: 12.

- Berg, T. (2008). Teater og underholdning i Tromsø, Hammerfest og Vadsø. I C. Rosenqvist (red.), *Artister i norr. Bottnisk och nordnorsk teater och underhållning på 1800-talet* (s. 303–443). Umeå: Kungl. Skytteanska Samfundet.
- Brandes, G. (1940). Brev til E. Brandes, 15.11.1881. I M. Borup (red.), *Georg og Edv. Brandes brevvæksling med nordiske forfattere og videnskabsmænd*, bd. 2. København: Gyldendal.
- Brandes, G. (1994). Brev til foreldra, 19/9 1872. I M. Borup & T. Nielsen (red.), *Breve til Forældrene 1872–1904*, bd. 1. København: Reitzel.
- Christensen, P. (2010). Tromsøposten. I I. Flo (red.), *Norsk presses historie (1660–2010)* (bd. 4, s. 347). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahl, P. (1976). Tromsø offentlige lærerskole i 150 år. I *Tromsø offentlige lærerskole i 150 år, 1826–1974* (s. 7–133). Tromsø: Peder Norbye.
- Dokka, H.-J. (1967). *Fra allmueskole til folkeskole. Studier i den norske folkeskolens historie i det 19. århundret*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fulsås, N., & Rem, T. (2018). *Ibsen, Scandinavia and the Making of a World Drama*. Cambridge: Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/9781316946176>
- Grepstad, J. (2019). Ananias Brune (fyrst publisert 2011). Henta frå <https://www.allkunne.no/framside/biografier/b/ananias-brune/85/1370/>
- Halvorsen, J.B. (1892). Ibsen, Henrik Johan. I J.B. Halvorsen (red.), *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1880* (bd. 3, s. 1–89). Kristiania: Den Norske Forlagsforening.
- Hamsun, K. (1971). *Paa Turné. Tre foredrag om litteratur* (utgjeven fyrste gong 1960). Oslo: Gyldendal.
- Hansen, H. (2017). *Modern Reading. Swedish Book Consumption during the Late Nineteenth Century* (doktorgradsavhandling). UiT The Arctic University of Norway, Tromsø.
- Hansen, H., & Purtoft, M. [under utg.]. Publishing and Readerships. I N. Fulsås & T. Rem (red.), *Ibsen in Context*.
- Hansen, R. (2001). *Byen og biblioteket. Tromsø bibliotek 1871–1914 i en lokalhistorisk sammenheng* (hovudoppgåve). Høgskolen i Oslo.
- Haave, J. (2017). *Familien Ibsen*. Trondheim: Museumsforlaget.
- Ibsen, H. (1880). Brev til F.V. Hegel, 25/10. Henta frå https://www.ibsen.uio.no/BREV_1880-1889htiB18801025FH.xhtml
- Ibsen, H. (1881). *Gengangere*. Henta frå https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_GelGeht.xhtml.
- Ibsen, H. (1882). Brev til H. Schrøder, 31/12. Henta frå https://www.ibsen.uio.no/BREV_1880-1889htiB18821231HSch.xhtml.
- Jensen, E.B. (2015). *Tromsøseminarister i møte med en flerkulturell landsdel*. Stonglandseidet: Nordkalottforlaget.
- Kristensen, S.M. (1970). *Digteren og samfundet i Danmark i det 19. århundrede*, bd. 2 (utgjeven fyrste gong 1945). København: Munksgaard.
- Larsen, R.I. (2017). ABC-striden i Vadsø på 1880-tallet. Confessio Augustana og fornorskningspolitikken i skolen. I P. Brunbech, K. Knutsen & J.Aa. Poulsen (red.), *Historie – didaktik, dannelse og bevidsthed. Rapporter til det 29. Nordiske Historikermøde* (bd. 1, s. 138–164). Ålborg: Aalborg Universitetsforlag.
- Løvteit, M. (2017). Historien om lærerutdanning og utdanningskultur på Hamar 1867–2017. I M. Løvteit (red.), *Tidssignaler. Lærerutdanningsfag i utvikling. Utdanning av lærere på Hamar – 150 år* (s. 25–98). Vallset: Oplandske bokforlag.
- Moi, T. (2006). *Ibsens modernisme*. Oslo: Pax.
- Moi, T. (2017, 21. juli). Å lese med innlevelse. *Morgenbladet*, 24–27.
- Næss, L. (1926). Sumt frå seminardagane 1871–74. I K.J. Barlindhaug (red.), *Tromsø offentlige lærerskole i 100 år* (s. 150–152). Tromsø: Peder Norbye.
- Qvigstad, J. (1901). *Udsigt over Tromsø seminariums historie 1826–1901*. Tromsø: J. Qvigstad.

- Rekdal, A.M. (2004). *Skolens gjenganger? Et pedagogisk blikk på Ibsen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tveterås, H. (1964). *Norske forfattere på danske forlag 1850–1890. Den norske bokhandels historie*, bd. 2. Oslo: Norsk bokhandler-medhjelper-foreining.
- Ytreberg, N.A. (1946). *Tromsø bys historie*, bd. 1. Oslo: Tell.